

Formannskapet sitt møte 01.12.2014.

Sak FOR-060/14 Referat og meldingar

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
1	HØYRINGSLISTE SEPTEMBER - OKTOBER 2014 Prenta vedlegg
2	SVEIO KYSTLAG - SØKNAD OM STØTTE TIL NYTT STYREHUS PÅ-NYFALKEN- Prenta vedlegg
3	TARIFF 2014: OPPSUMMERING Prenta vedlegg
4	UTKAST TIL REGIONAL PLAN 17.11.2014 Prenta vedlegg –eige hefte
5	EIGARSKAPSMELDING Prenta vedlegg
6	FORSLAG OM Å OPPHEVA KONSESJONSLOVA OG BUPLIKTA - KOMMUNEN SI VURDERING OG UTTALE Prenta vedlegg

Vedk. ref. sak 4: UTKAST TIL REGIONALPLAN HAUGALANDET

Rådmannen orienterte. Rådgjevar Åse Aleheim var også til stades og svarte på spørsmål. Planen er i utgangspunktet retningslinene, men det er høg detaljeringsgrad i planen og den blir dermed styrande mens det er vanleg at ein plan legg føringar. Det står mykje **skal** i planen og då blir den jurdisk bindande. Utfordringar for Sveio er særleg:

- Definering av Sveio sentrum som områdesenter - bør vera regiondelsenter
- Ekrene er ikkje definert som tettstadsenter
- Svært detaljert plan
- Planutkastet tar frå Sveio kommune sjølråderetten, meinte ordføraren

Fleire tok ordet i saka. Ordførar, rådmann og rådgjevar orienterte, kommenterte og svarte på spørsmål.

Planutkastet skal handsamast i arbeidsgruppemøte og styringsgruppemøte i desember. Ein må sjå til at Hordaland fylke sin Regionalplan for attraktive senter i Hordaland i større grad er samanfallande med Regional plan for Haugalandet

Formannskapsmedlemmene ba rådgjevar Åse Aleheim om å lage utkast til ein høyringsuttale frå Sveio kommune med bakgrunn i dei kommentarana som var kome fram i ordskiftet.

Møtet tok pause kl. 18.45 - 18.50 for å kopiere framlegget frå Åse Aleheim.

Formannskapet ga administrasjonen fullmakt til å skrive følgjebrev til uttalen frå Sveio kommune og sende saka til Rogaland fylkeskommune.

Formannskapet var samd om følgjande uttale:

1. Sveio kommune kan ikkje stille seg bak planen slik den ligg føre. For at Sveio kommune skal kunne stilla seg bak planen må som eit minimum punkta nedafor imøtekommast.
2. Sveio kommune meiner at detaljgraden er for stor og det er for mange SKAL-formuleringar i retningslinene til planen. Enkelte retningsliner må gå ut eller erstattast av mindre styrande formuleringar.
3. Sveio kommune krev at Sveio sentrum skal visast som regiondelsenter på lik line med nabokommunaen sine kommunesenter
4. Sveio kommune krev at det takast omsyn til planforslaget for Regionalplan for attraktive senter i Hordaland.
Krav til maks BRA (bruksareal) for handel må vera lik, og minimum 1500 kvadratmeter
5. Sveio kommune krev at Ekkene skal visast i senterstrukturkartet som "tettstadsenter og grendesenter" (med grunngjeving at området allereie er opparbeida og under utbygging)

Sak FOR-061/14 Orienteringar

- Haugaland Vekst regionråd
 - Kommunereform
 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland
 - Interkommunal strandsoneplan
 - Status økonomi
 - Restanseliste
-
- Haugaland Vekst regionråd
Det var ikkje noko nytt å melde då det ikkje hadde vore møte sidan siste orientering
 - Kommunereform
Rådmannen hadde motteke eit spørjeskjema frå ordførarane i kommunereformprosjektet på Haugalandet med svarfrist 10.12. Mange av spørsmåla er det politikarane som må bistå med svar på. Spørjeskjemaet var sendt ut til medlemmene på e-post og også delt ut i møtet. Skjema blei gjennomgått og rådmannen noterte seg svara/kommentarane.
Det skal vera eit felles formannskapsmøte den 19.01.2015 for dei kommunane på Haugalandet som er med i Haugaland Vekst sitt kommunereformarbeid. Svein Nesse gjorde innspel om at ordføraren måtte sjå til at det blei halde ein presentasjonsrunde av deltakarane i møtet.
 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Rådmannen orienterte.

Det var Byregionprosjektet som hovudsakleg var på agendaen i siste møte.

Stord er definert som byen i Sunnhordland

Forprosjektet er nesten ferdig. Informasjonen i dette vil relativt snart koma til kommunane. I prosjektrapporten vil det vera ein del nyttig informasjon for Sveio kommune som kan nyttast i kommunereformarbeidet, sjølv om det er to adskilte prosjekt.

- Interkommunal strandsoneplan

Høyringsfristen er sett til **12.01.2015**. Ein vil prøve å få utsett denne fristen til **01.02.2015**. Om ein ikkje får medhald i dette må formannskapet ha eit ekstra møte rett over nyttår, då første formannskapsmøte på møteplanen er sett til **26.01.2015**. Til møte i formannskapet må administrasjonen lage ein presentasjon.

- Status økonomi

Rådmannen informerte om at sidan siste rapportering - Tertiarrapport 2. tertial - kunne det sjå ut som om meirforbruket var redusert frå 6 mill til nå ca. 4,5 mill. Det er høgst usikre tal.

- Restanseliste

Restanselista var sendt medlemmene i e-post og også delt ut i møtet. Medlemmene ga uttrykk for at det var ein grei måte å bli orientert på. Det blei stilt spørsmål og gitt kommentarer.

- Opsjonsavtale Ekrene Næringspark AS

Ekrene Næringspark AS består av fleire aktørar som har planer for området. Dei har fått opsjon på området i 6 mndr. og ønsker nå å få denne forlenga med nye 6 mndr. Kommunen vil i den forlenga opsjonsavtalen få fram at om kommunen har moglegheit or å selja området vil opsjonen falle bort om dei ikkje innløyser.

- E-39 - Fartsgrense - Dalshovda

Medlemmen hadde i e-post motteke kopi av brev frå Vegvesenet med framlegg til tiltak på E-39. Svarfrist er sett til **01.01.2015**.

Ordføraren orienterte. I samband med frigjering av midlar frå det avslutta trekantsambandet, vil Sveio kommune gje innspel til Hordaland fylkeskommune om kva Sveio kommune ønsker å få gjort i samband med trafikksikring av E-39. Sveio kommune ønsker å sikre Rød-krysset framfor fartsgrense på Dalshovda. medlemmene sa seg samd i dette og ordføraren fekk tilslutning til å takke nei til midlane frå Vegvesenet vedk. dalshovda i denne omgang.